



Nasjonalparkstyret  
for Jotunheimen  
og Utladalen

## Møteinnkalling

---

**Utval:**           **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen**  
                          **nasjonalparkstyre**

**Møtestad:** E-postmøte  
**Dato:** 12.03.2024  
**Tidspunkt:** 00:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Etter avtale med styreleiar Leif Solemsli blir det med dette kalla inn til eit møte i Arbeidsutvalet for behandling av ei hastesak. Ber om svar på e-post, med tilslutnad eller stemme mot vedlagt forslag til vedtak i sak AU-1/2024.

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 1/2024	Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - Skutertransport til møte - Memurubu Turisthytte		2024/3499



Arkivsaksnummer: 2024/3499-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 12.03.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	1/2024	12.03.2024

## Jotunheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - Skutertransport til møte - Memurubu Turisthytte

### Innstilling frå forvaltar

Memurubu Turisthytte får med heimel i Naturmangfaldlova § 48, jf § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen NP, dispensasjon for motorferdsel på vinterføre på strekninga Gjendeosen-Memurubu, i samband med eit møte i bedriftsnettverket Besseggen Turisme.

Dispensasjonen gjeld for ein tur med skuter og slede og retur same dag, enten 19. eller 20. mars 2024. Løyvet gjeld for to skuterer i følgje, for transport av møtedeltakarane.

Dispensasjonen er vurdert etter nml § 48, første ledd, første alternativ, og blir ikkje vurdert å gå ut over verneverdiar eller verneformål.

SNO v/ Stein Windingstad skal ha melding om vald dato og registreringsnummer på skuterar seinast dagen før. SMS til 957 09 933, eller e-post [stein.olav.windingstad@miljodir.no](mailto:stein.olav.windingstad@miljodir.no)

Løyvet skal takast med under transport og kunne visast ved eventuell kontroll.

--- slutt på innstilling ---

### Dokument i saka

Søknad av 11.03.2024

### Saksopplysningar

Kjetil Sveine søker om dispensasjon for transport av møtedeltakarar til møte i Besseggen Turisme 19. eller 20. mars. Transport vil skje på isen av Gjende med inntil 2 skuterar.

**Søker med dette om en ekstra tur for å kjøre inn deltagere til møte i Besseggen turisme den 19 eller 20 mars. Det blir en tur fra Gjendeosen til Memurubu og retur samme dag.**

### Heimelsgrunnlag

#### Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert frå 19.01.2024.

Nasjonalparkstyret har i sak 20/2016 delegert til Arbeidsutvalet å ta avgjerd i hastesaker som ikkje er i konflikt med verneverdiane. Saker med etablert forvaltningspraksis og forankring i forvaltningsplan er delegert til forvaltar. Det er ikkje etablert forvaltningspraksis for denne typen transport, og saka blir derfor lagt fram for Arbeidsutvalet for politisk behandling.

## Verneformål – forskrift

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode – jf. § 3, 6.1: «*Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.*»

Persontransport ut over dei som er knytt til drifta av turisthytta inngår ikkje i dei spesifiserte formåla i verneforskrifta § 3 pkt. 6.3 og må behandlast etter den generelle heimelen som er avløyst av § 48 i Naturmangfaldlova.

## Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon evnetuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet, i første rekke bagatellmessige inngrep eller forbigående forstyrningar.


Søknaden blir og vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

## Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men utkastet frå 2008 har vore nytta som rettleiande dokument. Generell føring i planen er at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, og omfang av motorferdsel skal derfor haldast på så lågt nivå som mogleg. Motorferdsel kan forstyrre fugle- og dyrelivet, og er i tillegg eit uønskt element i høve til ålmentas ønskje om å oppleve urørt natur og det enkle friluftslivet, jf. siste ledd i formålsparagrafen, § 1: «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging*»

Memurubu ligg innan såkalla «brukssone» i det rettleiande utkastet til forvaltningsplan frå 2008. Om desse sonene står m.a.: «*Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.*»

Kartutsnittet under viser sonedelinga i forslaget til forvaltningsplan, og Memurubu ligg i teig 6:



## Presedens

Det er fleire næringsutøvarar i nasjonalparken, og forvaltningspraksis skal vera mest mogleg lik for alle. Det er etablert praksis å gje løyve for nødvendig motorferdsel knytt til drift av turistbedriftene i Jotunheimen. Samarbeid mellom bedriftene i form av nettverket Besseggen Turisme er knytt til best mogleg oppfølging av den store turiststraumen mot Besseggen, og tilrettelegging for nødvendig kontakt og samarbeid mellom desse bedriftene blir ikkje vurdert å skape uheldig presedens. Det bør vera rom for at alle bedriftene i nettverket kan vera vertskap for møte.

## Vurdering

Søknaden gjeld persontransport og må behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen som er avløyst av naturmangfaldlova § 48. Søknaden kan i ein viss grad samanliknast med DNT Oslo og Omegn sin transport for møte og liknande med bestyrarane på dei ulike turistryttene til DNT. Det er også persontransport, men skilnaden er at dei høyrer til same organisasjon, slik at dei har transporten heimla i det fleirårige samleløyvet til DNT.

Besseggen Turisme er eit samarbeid mellom fleire sjølvstendige bedrifter rundt Besseggen, og dei har etablert eit felles nettverk med eigen nettstad for mest mogleg heilskapleg informasjon om Besseggen-turismen når det gjeld oppleving, transport, overnatting og servering. Meir om nettverket: [Besseggen - Informasjon om turen - Oppdatert for 2024](#)

Bedriftsnettverket har behov for møte for felles planlegging, og møta går på omgang mellom bedriftene. Oftast er møta på ei av bedriftene som er lettast tilgjengeleg ved Fv. 51, men dei ønskjer nå å møtast på Memurubu for at alle skal bli best mogleg kjende med alle bedriftene i nettverket. Dei har til nå ikkje hatt noko møte på Memurubu. Ein kunne vurdert at møte her kunne leggest til sesong med rutebåttransport, men det er vanskeleg å få samla alle i den travle sommarsesongen. Besseggen Turisme ønskjer derfor å kunne nytte høvet til eit møte før sesongstart på Besseggen, og dei har anledning til det i dette vesle pusterommet før påsketraffikken tek til. Det blir derfor vurdert at dei har eit særleg behov for å kunne møtast.

Kjennskapen til naturmangfald og andre interesser knytt til Gjendområdet er i hovudsak god (§ 8 i naturmangfaldslova om kunnskapsgrunnlaget). Det er ikkje registrert særleg sårbare naturverdiar på den aktuelle transportstrekninga Gjendesheim-Memurubu eller internt på bedriftsområdet. Ut frå føre-var-prinsippet sett i naturmangfaldlovas § 9 og føringane knytt til økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) er det viktig å vise aktsemd både overfor dyreliv og overfor folk som ferdast i området, og å halde motorferdsla på eit lågast mogleg nivå. Ein enkelt tur/retur med inntil 2 skuterar samla blir ikkje vurdert å ha vesentleg innverknad på andre brukarinteresser, sidan det skjer på eit tid av året med ein del annan trafikk på isen som følgjer av nødvendig driftstransport til Memurubu og Gjendebu.

Ein enkelt tur i tillegg til den ordinære driftstransporten blir ikkje vurdert å gå ut over verken verneverdiar eller verneformål, og vilkåra for å kunne gje dispensasjon med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd, første alternativ synest derfor å vera til stades. Møtet er eit enkeltstående tilfelle med særleg grunn for å kunne møtast på Memurubu, slik at nettverket oppnår målet om å skape god kjennskap om alle bedriftene i nettverket. Dei fleste bedriftene i nettverket ligg utanfor nasjonalparken, så transporten inn til ei av dei to bedriftene i nettverket som ligg i nasjonalparken blir ikkje vurdert å skape uheldig presedens.